

Øystese sokneråd

5610 Øystese

Sakliste, Øystese Sokneråd

Stad: Øystese bedehus MERK STADEN!

Dato: **tysdag** 09.01.2024

Tid: kl. 19.00 - 21.00

Soknerådsmøta er opne.

Dato: 09.01.24		
Innkalla : Roar Strømme, Aina T Vågen, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Gunlaug Sekkingstad, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjørn, Bård Magnus G Lundestad, Kjell Dysvik, Astrid Lunestad, Ruben Øystese, Therese Rykkje		
Ikkje til stades: Hilde og Therese		
NR:	SAKER:	MERKNADER:
1.	Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen	Alle bør lesa gjennom når dei får dette på e-post slik at ein ikkje brukar så mykje tid på dette i møtet.
INFO	Innkomen post, økonomi, mm	<ul style="list-style-type: none">Nyhende: ein anonym person har gjeve 200 000 kr til fellesrådet/soknerådet. Gjevaren har lese i kyrkjebladet om bl.a. teppe i kyrkja. Øyremarka utstyr og interiør i Øystese kyrkje. Korleis pengane skal nyttast må vera ein dialog mellom fellesrådet og kyrkjerådet.Er det interesse for eit Fosse-arrangement? Om religiøs undring og kristen tru i tekstar av Jon Fosse. Fint å dra med seg Fosse-stiftinga og mållaget i Strandebarm. Skal vera eit Fosse-arrangement i Kabuso 27.01. Der skal det vera opplesing. Strandebarm kyrkje og Hålandsdalen kyrkje skal ha eit arrangement.Ynskjer ein slik temakveld her også? Soknerådet er positive til dette, kanskje Lars Gunnar Lundblad, Peter Helland Hansen eller Bjarte Almenning kan spørjast om dei ynskjer å vera med på eit slikt arrangement og representerer soknerådet.
2	Evaluering gudstenester mm	<ul style="list-style-type: none">300 stk i kyrkja på julaftan, men få ungar. Fin stund! Det gjekk fint med ei gudsteneste sjølv om den var tidleg.

		<ul style="list-style-type: none"> • Tidlegare på dagen var det institusjonsandaktar. Der var det mange til stades! Skulegudsteneste på barneskulen. Det var to stk: 1.-4. og 5.-7. klasse. Fint med øving på førehand. • Trusopplæringa har hatt 16 arrangement (krybbevandring) for barnehagane. • Dåp/nattvert sist søndag. Gjekk fint, bra fram møte. Fryst vatn på toaletta.
3	Soknerådsmedlemene sine oppgåver i samband med trusopplæring og andre oppgåver i kyrkja	<ul style="list-style-type: none"> - Avklaring av kva som er realistisk og ynskjeleg innsats frå oss i soknerådet. - Utsetting/oppfølging av sak frå desembermøtet <p>Det vart drøfta om ein skal ta inn ungdommar (konfirmantar osv.) Ein kan oppmuntra organisasjonane rundt oss om dei ynskjer å delta meir på dette dersom det blir for mykje på soknerådsmedlemmene.</p>
4	Frivillig-fest. Planlegging av slikt arrangement	<ul style="list-style-type: none"> • Invitasjon til flest mogleg (alt frå bygdekvinnelag, sjåførar osv). Ca. 40 stk. • Tidspunkt: tysdag 13.februar. Klokka 1900. Soknerådet møter kl. 1800 for eit kort møte/rigging. Kort program. Sevi eller Ulf snakkar og spelar litt. Litt song av td. Ruben eller Inger. Fellessong er kjekt. • Stad: Øystese kyrkje. Sist var det tapas servering. • Ein sender invitasjon for 2 representantar frå bygdekvinnelaget, grendautvalet, kvinne- og familielaget, Føremiddagstreffet, Liv og lyst, Kabuso, Helen Hellestveit, musikarar, det gamle soknerådet, Marita, Fredagsklubben, Bjørn Huse, Ola Skeie Lid osv må bli invitert. Ei fullstendig liste har etter kvart Kjell. • Anne Britt, Gunlaug og Ruben vert komité. Kjell sender tidlegare invitasjon og program frå tidlegare til komiteen. Dei får også ansvar for bestilling av mat. Kyrkjekontoret kan hjelpa til med distribuering av e-post.
5	Diakoniarbeidet	<ul style="list-style-type: none"> - Orientering og føremiddagstreffa ved Roar, info og drøfting om diakonalt arbeid.
6	Kvalitetssikring av oppgåver to første månader	<ul style="list-style-type: none"> - Samtale/orientering om kyrkjevertoppgåvene - Gjennomgang av gudstenesteplan og ansvar her

7	Orientering om presteutlysing	Det skal lysast ut ny prestestilling. Prosten spør om det noko særskild ein ynskjer å etterspørje i utlysinga? Nei, det er vanskeleg nok å få folk i utgangspunktet.
	Eventuelt	<p>Noko redigering av lista for kven som er kyrkjevertar. Lista vert også redigert i forhold til når det er kyrkjekaffi. 7.april skal ein organisasjon inn i forhold til kyrkjekaffi. Det vert laga ein ny instruks slik at alle er sikre på oppgåvene:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Møte besøkjande i kyrkja med eit smil i døra. Ein får eit skriv av presten på onsdagen før. Her står kva som skal delast ut. • Møt ein halvtime før. • Dåpsfolk får ein benk med namn. • Følg med under gudstenesta om noko skjer. I tilfelle nokon blir dårlege, gå til klokkar eller liknande. • Evakueringssituasjon: det er gule vestar bak ved salmebøkene. Hjelp til ved utgangane. Presten orienterer. • Legg fram sitteputer slik at folk kan ta desse. • Barneleiker ved døra. Småungar kan gå bak å leika. Minn gjerne folk på dette. • Konfirmantane fyller ut eit lite skjema. Desse skal leverast til presten etterpå. • Opprydding etterpå. • Kyrkjetenar tel kor mange som er til stades.
		Møtet vert avslutta med Vår far